

og nyskapning som er god bør belønast, ikkje nedsablast. Ei anna sak er det når slåtteformene blir behandla så dei gjeng heilt i oppløysing og mistar heilt samanhengen. Det er då heller ikkje berre domarane som manglar kunnskap, det gjeld kanskje i enda større grad oss spelemenn som gneg oppatt og oppatt same slåttane utan å utvide vårt reportoar og soleis gjera domarar og publikum kjende med «nye slåttar». På denne måten blir det forlanga at alle spelemenn skal halde seg til dei sokalla glansnumra sine og gjen-taka sine store bedrifter inn til det kjedelege. Men lat oss splemenn sleppa alle desse gode råd frå tillitsmenn og «fagfolk» utan røynsle på det utøvande plan. Lagsarbeid og folkemusikk som fag bør haldast frå kvarandre. Stell lagsfolket med organisering og arrangemang, så skal nok me spelemenn greia musikken. Og lat tradisjonen bli ein god grobotn for skapande utøving, ikkje ein fordom og båndtvang. Forresten gjer kvar og ein med dette, nett som han vil. Det ligg i ordet folkemusikk at den eksisterar på eit fritt grunn-lag utan nokon fastslegne papirnormer. Og lat oss få behalda folkemusikken fri frå oppstaka retningslinjer. Vi lever slett ikkje i ei tid av forfall og nedgang for denne musikken. Det lever no spelmenn som kanskje har skapt meir enn nokon spelemenn før, og blant utøvarane elles er det mange, mange gode. Dei eigenskapane som til dømes Myllarguten hadde, er ikkje noko overnaturlig og så heilt utanom det vanlege som mange vil ha det til no. Det er folket og ikkje spelemennene som har laga mytene og beret-ningane om stolar og bord som for veggemellom når dei gamle meistrane drog opp. Dessutan trur eg det var folk som for veggemellom og at brennevinet var årsak til utallige meisterstykker som vart sterkt overdrivne av kjensler i ekstase. Dermed ikkje meint at Møyllarguten ikkje var ein stor einer, men ein kan lesa om kva han hadde å seia til alle desse mystiske beretningane sjølv. Han bles berre. Forhan var musikken noko langt meir virkelegheitsnært og sjølvsgagt, for han åtte evnene sine her. Det er dei utanforståande som trur på spøkeria. Dei som spøker er tem-meleg jordnære og tek alt oppstyret som ein «god spøk».

Vi helsar Landslaget for Spelemenn.
og ynskjer til lukke med 50 års jubileet.

Med helsing
Romsdal Spelemannslag

1973 *Gild fylkeskappleik på Nordvestlandet*

Fylkeskappleiken i spel og dans på Hermans-
verk laurdag vart ei rik og god mønstring. Fele-
spelet var jamt godt, medan det i dansen vart
synt til dels svært god dansing, og dette vitnar
også premielista om. Deltakarane var for det
meste frå Sogn og Sunnfjord, men vona er at
også Nordfjord kan koma sterkare inn i biletet.
I gjesteklassen i hardingfele lyste Olav Breive-
gen frå Setesdalen opp med sin vakre bunad, og
for spelet vart det 2. premi. Det var elles mange
vakre bunader å sjå, og publikum fylgde interes-
sert med i prestasjonane. Det var Svein Skjerdal
som på vegne av Sogn spelemannslag ynskte vel-
komen til kappleiken før han gav ordet til An-
ders Anderssen, som på ein fin og dyktig måte
leia det heile.

I hardingfele klasse A fekk Sigmund Eikås,
Jølster, 1. premie og 263 pg, som var desidert det
beste, medan Rich. Hilde, Sogndal, vann i B-
klassen med 229 pg. berre poenget føre sambyg-
dingen Svein Skjerdal. Det var mykje godt og
interessant spel.

Domarar i spel var Wollert Klingenberg, Ar-
dalstangen, frå Sogn, Kornelius Eikenes frå
Nordfjord og Ingvar Grønfur frå Sunnfjord.

Premielista vitnar om svært god dansing, og
frå Sogn vart det dansa to ulike Sognespringa-
rar. Ein fekk og sjå springarar frå Jølster, men
ikkje springar frå Nordfjord. Derimot dansa
breimingane gamalt frå Nordfjord. Denne dan-
seforma har overlevd, men det er Sigurd Nesdal
som har æra for at denne dansen er på «moten»
att. Eit artig poeng her er at musikken går i 2/4
og 3/4 takt i same slåtten. Det er heilt spesielle
slåttar ein dansar gamalt etter.

Domarar i dans var Olaf Sælthun, Lærdal, Jo-
hannes Øyre, Sogndal, og Olav Solheim, Sunn-
fjord.

Ved midnatt var det premieutdeling og mange
og flotte gåvepremiar vart delte ut.

I samband med utdelinga fekk Peder Råd,

Vi ynskjer Landslaget for Spelemenn
til lukke med 50 års jubileet.

Helsing
Nes Spelemannslag, Nesbyen

Breim, andre nappet i ein vandrepokal som skal vinnast tre gonger.

Det er godt å vita at me har så mange flinke folk til å ta vare på tradisjonane våre. At dette vert sett pris på, gjekk fram av alle dei som strøymde til laurdag.

Sogn Spelemannslag kom framifrå frå oppgåva med tilskipinga av største fylkeskappleiken dei har hatt til denne tida.

SPEL KL. A, HARDINGFELE:

1. pr.: Sigmund Eikås, Eikås i Jølster 263 p.

2. pr.: Arne Sølvberg, Fjell i Nordfjord 244 p. Sjur Hesjevoll, Jostedal 239 p.

SPEL KL. B, HARDINGFELE:

1. pr.: Richard Hilde, Sogndal 229 p. Svein Skjerdal, Sogn 228.

2. pr.: Knut Sandnes, Jølster 207. Einar Eimhjellen, Naustdal 193. Torolv Eldegard, Årdalstangen 188. Oddvar Rauboti, Årdalstangen 164. Olav Eikeberg, Hermansverk 126.

SPEL KL. D, HARDINGFELE:

3. pr.: Sigurd Bruflat, Naustdal 156 p. Asbjørn Sande, Naustdal 156 p.

SPEL KL. C, HARDINGFELE:

3. pr.: Jørund Hage, Naustdal 146 p.

SPEL HARDINGFELE, GJESTEKLASSE:

2. pr.: Olav Breivegen, Hovden i Setesdal 211 p.

SPEL KL. B, VANLEG FELE:

1. pr.: Peder Råd, Breim (andre napp i vandrepokal for beste resultat vanleg fele) 232 p. John Oddvar Kandal, Breim 229 p.

SPELEMANNSLAG:

2. pr.: Indre Sunnfjord Spelemannslag 218 p. Naustedalen Spelemannslag 216 p.

DANS KL. A:

1. pr.: Anna og Lars Kreken, Jostedal, Jostedalspringar 81 p. Ingrid Ølnes og Olav Bjotveit, Sogndal, Vestlandsspringar 79 p. Olav Einemo m/fylgje, Lærdal, Vestlandsspringar 78 p.

2. pr.: Ingrid Ølnes og Olav Bjotveit, Rull 71 p.

DANS, GJESTEKLASSE:

2. pr.: Anne Tømmerås og Edvin Flom, Bergen, Vestlandsspringar 74 p. Rull 69 p.

Arvid Vedå m/fylgje, Bergen, Vestlandsspringar 78,5 p. 1. pr. Rull 68 p. 2. pr.

Arvid Vedå, Halling 65 p. 2. pr.

DANS KLASSE B.

1. pr.: Kari Juklestad og Egil Svedal, Jølster, Sunnfjordspringar 81 p. Erna og Svein Skjerdal, Sogndal, Sognespringar 80. Oline Hesjevoll og Anders Bjørk, Jostedalsspringar 79. Bjørg og Søren Støyna, Byrkjelo, Gamalt frå Breim 79.

2. pr.: Marit og Norvald Sandal, Byrkelo, Gamalt frå Breie 75. Oddny Svoen og Jofrid Reiakvam, Naustdal, Sunnfjordspringar 74. Kari Juklestad og Egil Svedal, Rull 73. Brita og Sjur Gjerde, Jostedal, Jostedalsspringar 71. Bjørn Fløtre og Dorteia Løtuft, Byrkelo, Gamalt frå Breim 70,5. Anna og Kristen Fuglesteg, Jostedal, Jostedalspringar 67.

Distriktskappleiken for vanleg fele

18. og 19. august 1973

vert halden på Nordmøre Folkehøgskule, 6650 Surnadal. Arrangør er Nordmøre Spelemannslag, og påmeldinga kan gjerast til Leiv Læg Reid, 6600 Sunndalsøra, tlf. 91453.

Nybygget til Nordmøre Folkehøgskule med vestibyle og romslege opphaldsrom skulle høve ypparleg som forum for kappleik og — ikkje minst — som møtestad for spelelystne spelmenn. Vi vonar med dette å kunne gje eit tilbod som går ut over ramma til den konvensjonelle tevlinga. På denne måten ville vi kanskje oppnå enda større og meir direkte kontakt mellom publikum og tevlara og — for all del — mellom tevlara.

Alle spelemannslag som spelar vanleg fele vil få tilsendt påmeldingsskjema og nødvendig informasjon i god tid. Velkommen til Surnadal.

For styret i Nordmøre Spelemannslag
Leiv Læg Reid

Spelemannskurset på Sundalsøra

Takk til Sigbjørn Bernhoft Osa.

Felekurset, som vart arrangert av Nordmøre Spelemannslag med stønad frå LfS, var planlagt og førebudd i fleire år. Forventningane var difor store og spenninga på topp da kurset tok til. Det var ei gruppe for vanleg fele og ei for hardingfele. Heile 16 deltakarar var påmeldte og 24 møtte fram og fullførte kurset.

Til kursleiar var vi så heldige å få Sigbjørn Bernhoft Osa. Berre det at Osa tok seg tid til å koma hit til Nordmøre, midt mellom utanlands-turnear, konsert og innspelingsoppdrag er noko vi set umåteleg stor pris på. Og forventningane vart infridd og vel så det. Osa tok oss alle med storm — som det heiter. Med spel, smil og skjemt — men også med alvor — gjorde han denne veka til ei uvanleg stor oppleving for oss alle. Han kom som ein velsigna frisk vårbris, feia bort gamle fordommar og handstillingar på sin spesielle sjarmerande måte og gav oss nytt grunnlag med omsyn til boge og fingerteknikk — og ein glød som vi vil leva lenge på.

Når no vi kursdeltakarane møter einannan, gjer vi dette «Osateiknet» med tummel og langfinger og smiler, nett som når dei gjorde V-teiknet under krigen.

Siste laurdagskvelden var det show med gamaldans i Sunndalsøra samfunnshus. Det var overraskande godt frammøte. Dei som, på trass av snøstorm og skredfare, hadde funne vegen til festen, fekk høyre og sjå Sigbjørn Osa på sitt beste. Det vart ein kveld som vi lenge vil minnast. Særleg sette vi alle store pris på å få høyra kor god kjennskap Osa hadde til Nordmøre sin folkemusikk gjennom vennskapet sitt med Edvard Bræin.

Takk, Sigbjørn, for at du kom hit!

Leiv Læg Reid.